

Austevoll kommune

Kommuneplanens arealdel (KPA)

Planskildring

Utkast frå arbeidsgruppa. Planskildringa blir
ferdigstilt etter behandling i styringsgruppa.

1. Innleiing

Austevoll er eit samfunn i vekst. Kommunen har gode bygdesamfunn, eit aktivt næringsliv, idrettslag med stor tilslutnad og mange foreiningar med breidde i virkefeltet. Me har flott natur og tilgjengelege frilufsområder. Formålet til kommuneplanens arealdel (KPA) er å legge til rette for at Austevoll skal ha gode vekstvilkår i framtida, med dette meiner me bukvalitet av høg standard, attraktive næringsareal, nærleik til friluft og urørt natur.

Gjennom omfattande innspel- og medverknadsprosessar, utgreiingar og vurderingar, har ein kome fram til korleis arealet i kommunen skal forvaltast på best mogleg vis i planperioden - dette gjeld både på sjø og land.

Gjennomtenkt arealbruk og gode føresegner, skal sørge for at KPA gjer det enklare og raskare å bygge og utvikle Austevoll. Det er vurdert ulike stader kor det er godt eigna å utvikle bustader, næringsverksemd, landbruk, friluftsliv, natur, rekreasjon og fritidsbustader. På denne måten sikrar KPA utbyggingsområder og tilgong til fritid og naturopplevingar. Det er vidare gjort vurderingar rundt fortetting i etablerte områder for å styrke bygdene. I vurderingane er det heile tida forsøkt å finne løysingar som hindrar konflikt mellom ulike interesser, arealformål og aktivitet.

Austevoll skal vere ein god plass å bu, og ein attraktiv stad å drive næringsaktivitet. Det er viktig å sjå samanhengen mellom høg næringsaktivitet, og sysselsetting, busetnad, fritidstilbod og velferd. Dette er også styrande for KPA.

KPA har ein planperiode på ti år, og skal rullerast i kvar kommunestyreperiode undervegs. I planarbeidet har ein vurdert arealbehova til dei forskjellige formåla i tiåret som kjem. Planen varetar blant anna ei rekke innspel frå grunneigarar i kommunen. Det er likevel viktig å presisere at KPA er ein overordna plan der ein forsøker å dra dei lange linjene for utviklinga. Meir detaljerte spørsmål og svar vil ein finne i underordna planar og retningslinjer, men desse skal heile tida vere forankra i dei KPA, og ikkje vere i strid med denne. Det vil alltid vere ulike syn på arealbruk i ein kommune, det er viktig å sjå samla på planen slik at den ut frå ei totalvurdering legg til rette for vekst og utvikling av Austevoll kommune.

Planskildringa forklarar KPA. Den fortel om plantema som KPA består av, og kva målsettingar og vurderingar som er gjort.

Arbeidet med kommuneplanen har vore omfattande. Stort engasjement og mange innspel har medvirka til det store omfanget – det er kjekt å konstatere at dette er hovudårsaka til det store arbeidet dette er blitt.

2. Kva er KPA?

Kommuneplanen er det viktigaste styringsdokumentet for utviklinga i ein kommune. Den består av to delar:

- Samfunnsdelen
- Arealdelen (KPA)

KPA bestemmer den framtidige arealbruken i kommunen. KPA skal balansere ei rekke viktige omsyn og interesser, til dømes behovet for fleire bustader, nye næringsareal, gode friluft-/naturområder, og tenlege plassar å drive landbruk.

I løpet av planarbeidet er det gjennomført innspelsrunde og høyringsrunde. På dette vis har ein sikra at innbyggjarar, bedrifter og andre lokale interesser har vore involvert i utforminga av planen. Det er også andre interesser som har vore involvert, blant anna er det mange offentlege instansar som tek del i planarbeidet. Desse forvaltar ei rekke interesser på vegne av regionale og statlege styresmakter. Til sjuande og sist er det lokalpolitikarane i kommunestyret som fattar vedtak og godkjenner KPA.

KPA er heimla i plan- og bygningslova. Dei viktigaste dokumenta KPA består av, er plankartet og føresegnene - begge er bindande.

- Plankartet viser kva arealbruk eit område er avsett til. Det viser også kor det gjeld særlege omsyn som gjer det nødvendig å ha omsynsoner.
- Føresegnene fastset reglar for arealbruken og korleis bygge- og anleggstiltak skal planleggast og gjennomførast.

To andre dokument spelar også ei stor rolle:

- Retningslinjene, som kjem i tillegg til føresegnene og gjev ytterlegare informasjon om korleis desse skal forståast.
- Planskildringa, som inneheld omtale om korleis plankartet og føresegnene skal forståast – kva samanheng reglane står i – og som i likskap med retningslinjene bidreg når ein gjer rettslege og planfaglege vurderingar.

I tillegg kjem fleire tilhøyrande dokument og vurderingar, til dømes konsekvensutgreiing, risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar), og arealstrategiar.

3. Målsettingar med KPA

Legge til rette for vidare vekst og handtere interessemotsetnader

Formålet til KPA er å sikre nok areal for framtidig vekst og utvikling av samfunnet – ikkje minst i form av gode og tenlege område for bustad og næring. Dette må vurderast opp mot andre viktige samfunnsinteresser, eksempelvis som natur og miljø. KPA skal balansere dei ulike interessene på best mogeleg vis.

Syssetning, verdiskaping, vekst og nyetableringar, er ein føresetnad for bærekraftige lokalsamfunn og gode kommunale tenester i framtida. Næringsaktiviteten i Austevoll er ikkje berre viktig for velferd og livet i vår kommune. Næringslivet skapar verdiar som kjem heile det norske storsamfunnet til gode. Å legge til rette for framtidige vekstområde for næringslivet, har derfor også ein betydeleg regional og nasjonal verdi. Størsteparten av næringslivet i Austevoll er sjørelatert. Det blir derfor lagt til rette for meir areal i strandsona til næringsformål. Alle desse områda grensar til eksisterande næringsområde, og er naturlege stadar å vekse vidare på. I desse tilgrensa områdene er risikoen for konflikt mindre.

Austevoll har ulike bygder med ulike kvalitetar. Det er kombinasjon av tettstader med tilnærma urbane kvalitetar, og bygder med landsbypreg – begge er viktig på ta vare på. Gjennom arealstrategien for robuste bygder har Austevoll kommune ei lokal tilnærming til sentrumsutvikling, som representerer eitt og to trappetrinn under den regionale planen for attraktive senter. Dette er eit viktig grep for å støtte under ei ønska samfunnsutvikling og å gii bidrag til å dette gjennom arealkart og føresegner i KPA.

Sjølv om landarealet i Austevoll er avgrensa, er det store delar av kommunen som er urørte naturområde. Å hindre unødvendig nedbygging av naturen er viktig for dyre- og plantelivet, klima og miljø. Natur- og friluftsopplevingar er også eit stort fortrinn for Austevoll. Det er derfor ikkje ønskeleg å legge til rette for nye utbyggingsområde i elles urørte naturområde. Der KPA avset område til utbygging er det fordi viktige målsettingar med KPA kan oppnåast på denne måten. Ein konsekvens av dette er at ubygde hytteområde i førre KPA, i elles ubygde mark, er tatt ut av planen.

Forbetringar som gir færre dispensasjonar

Blant formåla med ny KPA er å løyse utfordringar som medfører ekstraarbeid både for tiltakshavarar, planforslagsstillarar, kommune og andre offentlege styresmakter. Ei målsetting er at KPA skal bidra til at behovet for å dispensere for å gjennomføre byggetiltak skal reduserast, blant anna gjennom følgjande tiltak:

- Det er knytt føresegner til alle arealformål i plankartet.
- Byggegrensa mot sjø er differensiert etter arealformål og tiltak.
- Arealformålet LNF med spreidd busetnad og fritidsbusetnad er redusert til fordel for utbyggingsformål eller LNF-formål.
- Motstrid mellom KPA og reguleringsplanar som gjeld vidare blir redusert ved at det ikkje er angjeve arealformål i KPA i område der godkjent reguleringsplan skal gjelde vidare.
- Presisering av når det er plankrav og kva byggetiltak som kan etablerast utan reguleringsplan.

Berekraftig utvikling

KPA legg opp til at Austevoll skal vidareutviklast på ein måte som fremjer sosial berekraft, identitet og tilhørsle. Arealplanlegginga er tilpassa forventa byggeaktivitet og bidreg til å skape «robuste» tettstader

og bygder. Gode lokalmiljø, med gode kvalitetar i nærområdet, skal bidra til ein inkluderande, trygg, attraktiv og miljøvenleg utvikling.

KPA skal bidra til meir aldersvenleg stadsutvikling og tilgjengelege kvardagaktivitetar, for å møte behova til ein stadig større del eldre innbyggjarar. Det blir lagt opp til meir konsentrert bygging i tettstader og bygdesenter. Dette vil vi gjere ved å leggja til rette for fleire einingar, småhus og rekkehus i bygdene, med korte avstandar til kjerneområda, som skal gje meir gang- og sykkelaktivitet i kvardagen, og som kan redusere behovet for å bruke bil. Dette vil igjen støtte oppunder FN sine bærekraftsmål om lågare klimagassutslepp. Det vil også vere viktig å vidareutvikle eksisterande bumiljø som er bygd på sosiale og kulturelle verdiar, og fremjer samhald og identitet. Denne utviklinga tar også omsyn til kommunens evne til å yte gode helse- og omsorgstenester i framtida.

4. Saksbehandling av KPA

Organiseringa

Planprogrammet til kommuneplanen blei vedtatt 14. juni 2018 og i same sak blei det vedtatt oppstart for planarbeidet. Arbeidet er organisert med ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe. Plankonsulent er plan- og rådgivingselskapet Asplan Viak.

Styringsgruppa består av ordførar og gruppeleiarane i kommunestyret. Arbeidsgruppa består av ordførar, rådmann, konsulent for overordna planlegging, og plan- og byggesakssjef.

Medverknad

Planprogrammet blei vedtatt lagt på høyring 14. september 2017. Det kom inn høyringsinnspel frå fem offentlege instansar: Fylkesmannen i Hordaland, Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune, Forsvarsbygg og Norges vassdrags- og energidirektoratet. I tillegg kom Fiskarlaget Vest med innspel. Det blei gjennomført møte i regionalt planforum tidleg i prosessen, 11. juni 2019.

Allereie frå 2013 har kommunen mottatt innspel frå innbyggjarar til endringar av kommuneplanen. Det blei gjennomført ein omfattande innspelsrunde hausten 2019 med åtte informasjons- og innspelsmøte i perioden 14. oktober til 11. november 2019 på Stolmen, i Bekkjarvik, på Vinnes, Storebø, i Kolbeinsvik, på Storakalsøy, Møkster og Hundvåkøy.

Det er mottatt 415 innspel frå private aktørar i Austevoll, og 20 innspel frå regionale mynde, statlege instansar, og interesseorganisasjonar. Alle innspela er vurdert av Asplan Viak og kommunen.

Arealstrategiar

I løpet av planarbeidet er det vedtatt to arealstrategiar, som styringsgruppa har behandla 21. juni 2021. Desse arealstrategiane går nærare inn i tema i planarbeidet og bidreg til å konkretisere KPA.

- Arealstrategi for arealformål
- Arealstrategi for tettstader og robuste bygder

5. Føringer for KPA

Det er mykje som spelar inn når kommunen skal lage KPA. Kommunens eigne planar og vedtak er med å påverke korleis planen blir utforma. Det same gjer statlege og fylkeskommunale planar, strategiar og forventingar. Det er dette som blir kalla «føringer», altså lovar, reglar, retningslinjer og planar. Her er viktige føringer som kommunen må ta omsyn til.

Kommunale føringer

Kommuneplanens samfunnsdel 2013-2024¹

Samfunnsdelen blei godkjent av Austevoll kommunestyre 18. juni 2013. Planen er eit overordna, langsiktig styringsdokument til Austevoll kommune og fastset følgjande hovudmål.

1. Austevoll kommune skal vere ein vekstkommune med aukande folketal. I planperioden skal austevolling nr. 5.000 ønskast velkomen.
2. Austevoll kommune skal vere ein attraktiv bustadkommune med gode oppvekstvilkår og eit rikt kultur- og aktivitetstilbod.
3. Austevoll skal vere ein ja-kommune overfor innbyggjarar og næringsliv og yte god kommunal service og tenester.
4. Austevoll kommune skal arbeide for at kommunikasjonane vert gode for næringsliv og busette. Det er eit mål å knyta Austevoll til fastlandet med fast vegforbindelse.
5. Austevoll kommune skal vere den leiande maritime kommunen med fokus på styrking av fiskeri, havbruk og offshore næring samstundes med tilrettelegging og utvikling av nye næringar i Austevoll i eigne næringsområde.
6. Austevoll kommune skal gje eit godt og tilpassa tenestetilbod til innbyggjarane i alle livsfasar.

Kommunal planstrategi 2015-2019

Planstrategi for Austevoll kommune 2015-2019² blei vedtatt av Austevoll kommunestyre 10. november 2016. Planstrategien fastset at det er trong for å revidere kommuneplanens arealdel og det er tilrådd at følgjande tema skal prioriterast i planrevisjonen:

- Plankartet skal oppdaterast
- Føresegnene skal oppdaterast
- Det skal planleggast for område og tiltak i sjø
- Planlegging av utbyggingsområde
- Planlegging av strandsona, med differensierte føresetnader for ulike område

Planprogrammet til KPA

Planprogrammet blei godkjent av Austevoll kommunestyre 14. juni 2018³ og det blei samstundes gjort vedtak om oppstart for revidering av KPA.

Kommunal planstrategi 2020-2024

Gjeldane kommunal planstrategi 2020 -2024 blei vedtatt av Austevoll kommune 17. desember 2020.

¹ Kommuneplanens samfunnsdel 2013-2024. Kjelde: <https://www.austevoll.kommune.no/f/p1/icd28e0da-4010-44b6-855d-f4fe2f2d13e9/samfunnsdelen.pdf>

² Planstrategi for Austevoll kommune valperioden 2015-2019. Kjelde: <https://innsyn.onacos.no/austevoll/wfdocument.ashx?journalpostid=2016013495&dokid=188861&versjon=1&variant=A&>

³ Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Kjelde: <https://innsyn.onacos.no/austevoll/wfdocument.ashx?journalpostid=2018004664&dokid=234855&versjon=3&variant=A&>

Planstrategien har velt implementer og satt fokus på berekraftsmåla, desse er vidareført i arbeidet med revidering av kommuneplan.

- Me vil arbeide for berekraftig klima og miljø som tek omsyn til våre ressursar på land og i sjø.
- Me vil tilrettelegge for gode leveår som inkluderer innbyggjarane våre i eit trygt og godt nærmiljø.
- Me vil arbeide for at alle barn og unge skal bli gode til å lese og skrive, at dei trivst på skulen og i fritida, har venar og er aktive i kvardagen.
- Me vil arbeide for å legge til rette for førebygging framfor behandling og som gjer at fleire kan vere aktiv i kvardagen.
- Me vil arbeide for ei berekraftig, robust og framtidsretta næring som har fleire bein å stå på.
- Me vil arbeide for gjere kulturlivet og kulturmiljøet meir synleg.
- Me vil arbeide for eit trygt samfunn og ta beredskap på alvor.

Statlege føringar

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

Kvart fjerde år utarbeider regjeringa nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging.

Nasjonale forventingar vedteke 12. juni 2015 blei erstatta 14. mai 2019⁴. Regjeringa legg vekt på at Norge står overfor fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn.
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning.
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn.
- Å skape eit trygt samfunn for alle.

Vidare har regjeringa bestemt at dei 17 berekraftsmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å handtere dei største utfordringane i vår tid. Berekraftsmåla er ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i norske kommunar.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging⁵

Retningslinjene er den norske tilrettelegginga av pliktene i FNs barnekonvensjon. Målsettinga er å styrke barn og unges interesser i planlegginga. Viktige nasjonale mål er å:

- Sikre eit oppvekstmiljø som gjev barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetane som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om behova til barn og unge.
- Vareta ansvaret til det offentlege for å sikre barn og unge dei tilbod og moglegheiter som samla sett kan gje den enkelte utfordringar og ein meningsfylt oppvekst uavhengig av bustad, sosial og kulturell bakgrunn.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing⁶

Gjennom planlegging skal kommunane stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, og bidra til auka miljøvenleg energiomlegging. Planlegginga skal også medverke til at samfunnet er førebudd på og tilpassa klimaendringar.

⁴ Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023. Kjelde: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20192023/id2645090/>

⁵ Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging. Kjelde: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-09-20-4146>

⁶ Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Kjelde: <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2018-09-28-1469>

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø⁷

Formålet med retningslinjene er å tydeleggjere den nasjonale arealpolitikken og vareta dei nasjonale og regionale interesser i 100-metersbeltet langs sjø. Strandsoneforvaltninga skal medverke til ei berekraftig utvikling i tråd med berekraftsmåla til FN. Det skal særleg takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesse i strandsona, og hindre unødvendig bygging langs sjøen. Samstundes slår retningslinjene fast at strandsona gjev grunnlag for næring og busetnad langs kysten, og at god arealplanlegging kan gje grunnlag for auka verdsikaping og fleire lønsame arbeidsplassar.

Kommunane har ansvar for å balansere desse interessene i planlegginga. Retningslinjene gjev ei geografisk differensiering av planlegging i strandsona og reglane er strengast der utbyggingspresset er stort. Austevoll kommune inngår i sone 3 i retningslinjene, altså område med mindre press på areala.

I område med mindre press skal det vere enklare for kommunane å gje løyve til bygging enn i område der presset er stort. Det bør likevel ikkje tillatast utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø og landskap. Forholdet til andre interesser, til dømes landbruk, fiske og akvakultur, må også vurderast. Der det blir tillate med bygging bør omsynet til andre interesser varetakast best mogleg.

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging⁸

Formålet med retningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transportplanlegging og sørge for meir effektive planprosessar. Planlegginga skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling, og medverke til å utvikle berekraftige tettstader, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremje helse, miljø og livskvalitet.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør legge til rette for utvikling av kompakte tettstader, redusere transportbehovet og klima- og miljøvenlege transportformer. Planlegginga skal også legge til rette for tilstrekkeleg bustadbygging i område med press på bustadsmarknaden.

FNs berekraftsmål

Norge har slutta seg til dei 17 berekraftsmåla til FN⁹ og desse skal også leggjast til grunn for kommunanes arealplanlegging. Formålet med berekraftsmåla er å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030. Stortingsmelding nr. 40 «Mål med mening» (2020-2021)¹⁰ er den nasjonale handlingsplanen for å nå berekraftsmåla.

I planstrategien til Austevoll kommune 2020-2024 har ein prioritert berekraftsmål 3 God helse og livskvalitet; 10 Mindre ulikskap; 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn; 12 Ansvarleg forbruk og produksjon; 13 Stoppe klimaendringane; 14 Livet i havet; og 15 Livet på land.

Regionale føringar

Regional plan for attraktive senter i Hordaland¹¹

⁷ Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Kjelde: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/statlige-planretningslinjer-for-differensiert-forvaltning-av-strandsonen-langs-sjoen/id2850282/>

⁸ Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Kjelde: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Statlige-planretningslinjer-for-samordnet-bolig--areal--og-transportplanlegging/id2001539/>

⁹ FNs berekraftsmål. Kjelde: <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>

¹⁰ Stortingsmelding «Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030». Kjelde: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-40-20202021/id2862554/>

¹¹ Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Kjelde: https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regional-plan-for-attraktive-senter-i-hordaland_web.pdf

Hovudmålsettinga til planen er at «Hordaland skal ha eit nettverk av attraktive senter som fremjer livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal tilretteleggje for vekst i heile fylket.»
Planen har vidare følgjande overordna mål:

- Sentera skal utformast slik at dei er attraktive å vere, bu og drive næring i
- Sentera skal ha eit mangfald av tenester, arbeidsplassar, fritids- og kulturtilbod tilpassa senteret sitt nivå i senterstrukturen
- Sentera skal vere attraktive for handel med handelsverksemdar dimensjonert etter nivå i senterstrukturen
- Sentera skal vere tilrettelagt for effektiv og miljøvenleg transport i, til og frå sentrum

Regional plan for folkehelse¹²

Planen har til formål å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid for å fremje god folkehelse, som gjev fleire god leveår og som utjamnar sosiale helseskilnader.

Regional næringsplan

Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017¹³ blei erstatta av ny regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033¹⁴ 16. juni 2021. Hovudmålet i planen er at «Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøen næringsutvikling og innovasjon». Planen stiller opp fire satsingar og mål for desse:

- Grøen næringsutvikling. Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030.
- Innovative og inkluderande samfunn. Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket.
- Areal til næringsutvikling. Rett areal til rett føremål til rett tid.
- Kompetanseutvikling i arbeidslivet. Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse.

Klimaplan for Hordaland 2010-2020¹⁵

Formålet med planen er at «Klimafylket Hordaland tar ansvar og skapar berekraftige løysingar» og fastset tre hovudmål:

- Hovudmål klimagassutslepp: Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 prosent innan 2020 i forhold til 1991 (30 prosent i forhold til 2007) og 30 prosent innan 2030 i forhold til 1991.
- Hovudmål energi: Energibruken skal reduserast og gjerast berekraftig gjennom effektivisering og bruk av ny fornybar energi. Innan 2020 skal energibehovet til alle føremål i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.
- Hovudmål klimatilpassing: Hordaland skal vere best mogleg budd på klimaendringane og klimatilpassing skal baserast på føre-var-prinsippet, forskning og kunnskap om lokale tilhøve.

Det blir arbeidd med ein ny regional klimaplan. Vestland fylkesutval vedtok planprogrammet 24. august 2021.

¹² Regional plan for folkehelse. Kjelde: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/folkehelse/planar-folkehelse/hfk-folkehelseplan-2014-2025.pdf>

¹³ Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017. Kjelde: <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/regional-naringsplan.pdf>

¹⁴ Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033. Kjelde: https://www.vestlandfylke.no/globalassets/innovasjon-og-naringsutvikling/regional-plan-inn/berekraftig-verdiskaping-2021-2033_plan_22okt-2siders.pdf

¹⁵ Klimaplan for Hordaland 2010-2020. Kjelde: <https://www.miljolare.no/innsendt/pdf/vedlegg/35816/525284e3b60da/klimaplan.pdf>

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger¹⁶

Formålet med planen er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordland-regionen og sørge for gode rammevilkår for havbruksnæringa, og maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.

Planen omfattar Austevoll kommune og Austevoll var blant kommunane som hadde vesentlege motsegn til planen, og som klaga planvedtaket inn for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Ved klagebehandlinga gjorde departementet enkelte endringar i retningslinjene og stadfesta planen i mars 2020.

¹⁶ Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Kjelde: <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/regional-planlegging/regionale-planar/regional-kystsoneplan-for-sunnhordland-og-ytre-hardanger/>

6. Levekår og tryggleik

Folkehelse

Folkehelse er summen av faktorane som påverkar helsetilstanden til innbyggjarane. Faktorar som er avgjerande er blant anna bustadtilhøve, økonomisk tryggleik, nærmiljø og sosialt nettverk, skule- og arbeidstilhøve, tenester, ytre miljø og levevanar. Kommunens folkehelsearbeid grip over fleire sektorar og målsettinga med arbeidet er å:

- Leggje til rett for samfunnsutvikling som fremjer positive helseval og sunn livsstil.
- Sikre gode oppvekstvilkår for born og unge der tidleg innsats er i fokus.
- Leggje prinsippa for universell utforming til grunn for utviklinga.
- Oppretthalde god næringsutvikling i framtida.

Etter folkehelselova har kommunane plikt til å ha oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen. Det skal vere særleg merksemd på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige forskjellar.

Helsetilstanden i Austevoll kommune er generelt god, men nokon oppleve redusert livskvalitet. Grunnen til dette er ofte belastningar som dårleg psykisk og fysisk helse, økonomiske vanskar og einsemd. Som i landet elles, er ungdommen i Austevoll ei meir utsett gruppe en før og dei uttrykker aukande misnøye med lokalmiljøet, dårlegare psykisk helse, redusert fysisk aktivitet og meir einsemd. Ein større del av innbyggjarane vil vere eldre og det blir relativt sett færre yrkesaktive, noko som vil stille større krav til helse- og sosialtenesta i framtida.

I KPA blir det lagt til rette for gode bustadtilhøve gjennom ein variasjon i bustadsmoglegheiter, føresegner om leikeplassar, gang- og sykkelveggar, turstiar og gode friluftsområde i tilknytning til nærmiljøa. Opne, uformelle møteplassar sikrar sosial integrasjon og inkludering av både born og vaksne. Universell utforming sørgjer for lik tilgjengelegheit for alle, uansett alder og funksjonsevne.

Gjennom aktiv tilrettelegging og godt planarbeidet skal KPA bidra til god livskvalitet, ved å sørgje for gode oppvekst- og levekår, gje tilgang til meiningsfulle aktivitetar og fellesskap for innbyggjarane.

Tilpassingar til klima- og miljøomsyna

Det er gitt løyve av kommunestyret til oppstart av ein klima og miljøplan som vil konkretiserer klima- og miljøomsyn. Fram til planen er ferdig er det føringar i regional plan for klima som det blir tatt omsyn til. I den ligg det fem plantema:

- Redusere klimafotavtrykket
- Fjerne direkte utslepp
- Trygt og robust Vestland
- Klimarettferd og folkehelse
- Sikre naturmangfald

Temaa er tatt inn i KPA og der arealstrategien legg dei viktigaste føringane blant anna med avstand til fortetting og utviklinga av bustadområde. Dette vil både på kort og lang sikt gi moglegheit til at fleire som bur innanfor fortettingsområda kan gå og sykle til jobb, skule og fritidsaktivitetar.

Utviding av gang- og sykkelvegnettet og utbetring av vegane generelt i kommunen er nødvendig for å legge til rette for gåande og syklande. Dette vil bidra til å redusere klimaavtrykket. I KPA blir det stilt krav om gode tilhøve for mjuke trafikantar.

Kommunedelplan for naturmangfald er i arbeid. I arbeidet blir det gjort synleg naturmangfaldet i kommunen på land og i sjø, og gjennom den vil i få oversikt over viktige områder for naturen.

Risiko og sårbarheit

Kommunane har i 2014 hatt eit felles samarbeid med overordna ROS-analyse (Kyst-ROS 2014). I tillegg har kommunen ein Kommune-ROS. Gjennom dette arbeidet har kommunestyret vedteke felles akseptkriterium for utarbeiding av kommunale ROS-analysar.

Overordna Kyst-ROS og Kommune-ROS

Austevolls plassering langs kysten gjer at kommunen er utsett for hendingar i samband med aktivitetar på land og i sjø. Kommunen er også utsett for vind, regn og stormflo. I tillegg ligg Austevoll ved hovudlei for større skip både utanskjers og gjennom Langenuen.

Tryggleik og samarbeid med nabokommunar for å sikre tilgang til straum og breiband må bli teken i vare i arealdisponeringar slik at desse teneste blir prioritert. Det gjeld leidningsnettet på land og i sjø, og i overgangen mellom sjø og land. Samarbeid mellom kommune og leverandørar av tenester for stabil tilgang av straum, breiband, vatn er særst viktig, og med beredskapsaktørar politi, ambulanse m.v.

Det er gjennomført konsekvensutgreiing og ROS-analyse, basert på Kommune-ROS. Ekstremvêr, stormflo og sterk vind er hendingar som skapar utfordringar i arealplanlegging, beredskap og klimaomsyn. KPA tar omsyn til dette i føresegn og retningslinjene og legg føringane frå ROS-analyse som grunnlag.

Det er lagt omsynsone for stormflo på kote +3 og fareområder har eigne føresegn knytt til omsynsone.

Overvann er overflateavrenning som følge av nedbør eller smeltevatn. Dette temaet har ikkje tidlegare blitt tatt omsyn til i kommuneplanarbeid. Kommunen har ei målsetting å om sjå på dette som heilskapleg forvaltning av vatnets kretsløp. Det vil innebere å sikre gode og velfungerande overvannsløsningar som tar omsyn til tryggleik, helse, miljø og estetikk. I dette ligger det at ikkje berre skal mengda overvann skal bli handtert slik at innbyggjarens liv og helse bli tatt i vare og skadekostnader for samfunnet. Ved å legge vatnet i opne løysingar kan vatn også vere positive og estetiske element i landskapet.

Kommunen har kartlagt viktige bekker og vassdrag. I KPA er det avsett eit større område som fordrøyingsanlegget for overflatevatn på Storebø (Birkeland- Haugland) som grøn struktur. Dette er eit myrområde og tek i mot overflatevatn frå dei omkringliggende utbyggingsområda og vatnet følger vassdraget ned til Kvernavatnet ved Storebø og vidare til sjø. Det er viktig at det ikkje blir gjort arealdisponeringar som kan skade dette naturlege fordrøyingsanlegget.

Etablering av bygg i særleg vindutsette områder skal søke å legge bygg ned i terrenget.

Drikkevatn er vurdert som sårbart og KPA tar omsyn til dette og set klausulerte drikkevatn med formål drikkevatn.

Det er ikkje høve å bygge eller ha leikeområde under høgspenningskablur og i omsynsone. Dette er av omsyn til magnetfelt og for sikker straumforsyning.

Infrastruktur og omsynet til mjuke trafikantar.

KPA legg føringar for trafikksikker skuleveg. Trafikksikringsplan frå 2015 set delvis søkelyset på nokre av utfordringane med sikker skuleveg. Det er anlagt gang- og sykkelveg frå Hufthamar til Austevoll ungdomskule. Denne gang- og sykkelvegen sikrar delvis tilhøva som sikker skuleveg for utbyggingsområda langs vegen. Det er etterslep i etablering av tilbud til mjuke trafikantar og å sikre born trygg skuleveg.

I KPA skal det bli etablert gangstruktur for fortau, gang- og sykkelveg og oppgradering av snarveggar som gjer at born, vaksne kan ha fleire moglegheiter til å kome seg trygt til skule og fritidsaktivitet. Dette gjeld innanfor større utbyggingsområde og ved mindre utbyggingar som skal knytte seg opp til eksisterande kommunal- og fylkesveg. KPA set også krav om at i utbyggingsområde skal det vere god og trygg tilkomst til nærmiljøfunksjonar og til stoppestad for kollektivtransport.

Gode uterom der folk bur

Felles uterom er med på å skape trivsel for alle aldersgrupper. Å lage gode uterom krev innsats og planlegging i lag med innbyggjarane og brukarane. Målet med å etablere møteplassar er å sikre sosial integrasjon og inkludering i samfunnet. Nærleik til friluftsområder frå fortettingsområde og bustadområda er viktig og er varetatt i KPA.

Eit godt uterom er ein plass som alle kan møtast. Det kan vere nær ein leikeplass i eit bustadområde eller benkar og gapahukar. Området treng ikkje å vere planert eller ha store terrenginngrep så lenge tilkomst er universelt utforma.

Alle bustadområda og sentrumsområda skal ha felles leikeplassar eller rekreasjonsareal for alle aldersgrupper som kan brukast gjennom heile året. I bustadområda og sentrumsområde skal det bli etablert leikeplassar som stimulerer til aktivitet og bruk. Soltilhøva skal vere gode og leikeplassane skal vere skjerma mot støy på ein god måte. Leikeplassar skal ikkje bli etablert nær teknisk infrastruktur, ved renovasjonsanlegg eller der avfall blir mellombels plassert for å bli henta.

Vatn og avløp

Kvernavatnet og Matvikvatnet er hovudvasskjeldene i Austevoll. 98 prosent av innbyggjarane får vatnet sitt herfrå. Desse vatna og nedslagsfeltet for nedbør er tatt omsyn til i KPA, for å verne drikkevassforsyninga i kommunen. Aktivitet og bruk på land kan ikkje gjennomførast der dette kjem i konflikt med vassforsyninga.

Vassdraget i Haukanes – Ljosavatnet, Kvernavatnet og Sagvatnet – har formål som framtidig drikkevassskjelde. Omsynssona gjer det mogleg å etablere infrastruktur innanfor formålet.

Stangelandsvatnet, Eriksvatnet, Svartavatnet og Veivågsvatnet er reservevasskjelder. Desse ligg med omsynssone nedslagsfelt for drikkevatt. I nedslagsfelta er det ikkje mogleg med aktivitet eller bruk som forureinar vasskjeldene.

KPA legg til grunn Austevoll kommunes hovudplan for vatn og avløp frå 1989. Særleg i nye utbyggingsområde og i fortettingsområde i tettstadane skal flest mogleg bygg og anlegg kople seg på offentlege felles reinseanlegg.

Kulturmiljø

Kulturminne er spora etter menneskeleg aktivitet gjennom tidene. Når kulturminna er del av ein større heilskap eller samanheng vert det kalla kulturmiljø. Kulturminne og kulturmiljø representerer historiske kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar. I Austevoll finst lokalhistorisk viktige arkeologiske funn, enkelt bygg som våningshus, driftsbygg i utmarka, eller andre enkeltståande verdifulle bygg. Kulturmiljø kan knytast til handels- og gjestgjevarverksemd, kystgarden, sjøbruksmiljø. Notida og dei som kjem etter oss skal kunne ta del i denne lange og rike historia. Kulturminne og kulturmiljø er kjeldene til forståing, men og eit utgangspunkt for ny bruk i nye former.

Bygningar, anlegg og miljø som har særleg kulturhistorisk verdi skal takast vare på for framtidige generasjonar. Lokale kulturminne og kulturmiljø som er av eit slikt omfang at dei må reknast som tapt, skal dokumenterast før det blir gitt nye løyve.

Kommunedelplan for kulturminne frå 2016 legg føringar for KPA. Kulturminneplanen er under revidering. Den nye planen vil vere eit grunnlagsdokument for KPA. I revideringa av kulturminneplanen vil det bli lagt vekt på kulturminneverdiar og prioritering av desse etter A-, B- og C-kategoriar. Dette vil gjera det lettare å sikra og forvalta lokale kulturminne og kulturmiljø.

Blant måla med kulturminneplanen er å vere kunnskapsgrunnlag til bruk i kommunal planlegging, å peike på tiltak som kan forhindre tap av kulturminne og sikre at kulturminne og kulturmiljø blir varetatt for framtidige generasjonar.

7. Plass å vekse vidare på

Robuste bygder

Arealbruken i KPA speglar at innbyggjarane har ulike ønske og behov. Det er mange plassar å busette seg på, og det er høve til å bygge eit mangfald av bustadtypar. Somme ønskjer å bu i einestad i landlege omgjevnader, medan andre vil ha leilegheit i meir tettbygde strøk.

Nærleik til handels- og servicetenester, arbeidsplassar og fritidstilbod bidreg til å gjere ein stad attraktiv for bustadbygging. Folketalsutviklinga i Austevoll dei siste dryge 20 åra stadfestar dette.

Utviklinga i Austevoll speglar utviklinga nasjonalt, med stadar som veks og stader med folketalsnedgang. God og heilskapleg arealplanlegging er eit verktøy for å legge til rette for vekst. Gjennom KPA skal ein fjerne unødvendige hindringar for bygging, ved å ha tydeleg og avklarte arealformål og føresegner som inneheld reglane som trengst for å bygge.

Til grunn for KPA ligg derfor arealstrategien for robuste bygder. Formålet med strategien er «å legge føringar for korleis vi skal stimulere til busetnad og samfunnsutvikling i tettstadane og i bygdene, med gode bu- og levevilkår». I arealstrategien er det peika på viktige buområde som får særleg merksemd i KPA.

Desse er:

- Kommunesenteret Storebø på Huftarøy
- Lokalsenteret Bekkjarvik på Selbjørn
- Søre Hundvåkøy
- Området frå Bakke til Hille på Storekalsøy
- Vik og Vinnes på Huftarøy
- Kolbeinsvik på Huftarøy
- Området frå Årland til Våge på Stolmen
- Møkster hamn med Naustvågen og Skattneset

På desse stadene er arealbruken avklart ved at det er avsett konkrete område til bustad, næring og kombinertformål som sentrumsformål. Der det ikkje er trong for å utarbeide reguleringsplan før bygging, vil eigne føresegner i KPA nyttast. På denne måten er det fastsett nødvendige reglar for bygging, slik plan- og bygningslova krev.

Viktige trekk for områda er at det er eksisterande bustadområde, næringsaktivitet, sosiale forsamlingsplassar og gjerne butikk. Det er også kollektivtilbod med buss eller båt som knyter buområda saman med resten av kommunen.

Bustad

Sentrumsformål

KPA avset sentrumsformål i eksisterande tettstads- og bygdesentra og områda er nærare skildra under robuste bygder og tilhøyrande arealstrategi.

Bustadområde

I eller nær etablere bustadområde er det lagt til rette for fortetting. Dette for å stimulere til utbygging i samanheng med sentrumsområda. Det er eit ønske at bustadområde legger opp til varierte bustadformer

blant anna som gir rom for fleksibel bruk og universell utforming, slik at dei fleste kan bu heime så legne som mogleg. Det bør i utbyggingsområda gi rom for konsentrerte bustader, småblokker og småhus.

Bygga bør ikkje vere høgare enn 3-4 etasjar og ha god terrengtilpassing.

Mange ønskjer å ha best mogleg utsikt når ein først bygger hus. Trenden med å bygge hus på toppar kan bryte med landskapet, og vil bli utfordrande med omsyn til endringar av vind og ekstremnedbør. Alle bustadområda er trekte vekk frå 25-metersbeltet langs sjø. Byggehøgde over vassflata er sett til 3 m for bustader og næringsbygg.

LNFR – spreidd bustad

I områda med bustader og lite utbyggingspress er det avsett LNFR – spreidd bustad. I desse områda er der fortrinnsvis einebustader som kan byggjast, men det kan tillatast småhus og bustader med 2 einingar.

Næringsareal

Næringslivet i Austevoll er framtidsretta og i utvikling. Næringslivet har særleg spesialisert seg innan havbruk, fiskeri og offshore. I tillegg har fleire serviceverksemder og leverandørbedrifter. Det er viktig å ha næringsareal som ligg ved sjøen som gjer det mogleg å fortsette med å utvikle næringa. KPA legg til rette for næringsareal ved å utvide areal og sette reine næringsformål i Torangsvågen, Austevoll fiskerihamn, Husavik, Storebø hamn, Kolbeinsvik, Bekkjarvik og Møkster, og med buffersoner for å forhindre konflikt med andre interesser. Mindre næringsareal som er i konflikt med bustad, fritidsbustad, kultur og naturinteresser er tatt ut av plankartet. Næringer som har behov for å bygge tett ved sjø. I føresegna er det satt krav om byggehøgde på 3 meter over havnivå.

Handel er ei betydeleg næring og dei attraktive næringsområda ligg tett ved fylkesveg. Her ligg alt frå mindre butikkar, engros- og byggevarebransjar og mindre industriverksemder. Hovudvekta av handel er lagt til områda Bekkjarvik og Storebø.

KPA endrar ikkje i strukturen og lokaliseringa til næringsaktørar, men legg til rette for nye næringsområde i Sandvikhamn (nytt ferjeleie) og krysset Solesvik/Vik. I område Solesvik/Vik ligg det byggevare-, entreprenør-, bilverkstad- og kollektivtransportverksemder. Dette området ligg sentralt i kommunen og lokalisering her vil bidra til å sentralisere desse type næringer ved samlokalisering.

Austevoll fiskerihamn og Torangsvåg vil fortsette samlokaliserte retta mot sjørelatert næring. Områda er utvida og gjer gode kår for etableringar. Mindre område ved sjø ligg på Storebø, Bakkasund, Kolbeinshamn, Kolbeinsvik, Husavik og Møkster. Områda er relatert til eksisterande næringsverksemder og deira behov.

Fylkesvegnettet er ikkje skipa for belastninga frå tunge køyretøy og deira behov for auka vegbreidde og fjerning av flaskehalsar. Det pågår eit planarbeid gjennom Austevollspakken. Kunnskap og fakta frå arbeidet med Austevollspakken har lagt føringar for arbeidet med lokalisering av næringsareal. Dårleg vegnett og avgrensa kollektivtilbod kan bremse utviklinga i Austevoll.

Områdereguleringsplanen på Storebø som blei endeleg vedtatt i 2021 blir vidareført i sin heilskap og legg til rette for utvikling av næringsaktivitetar i bygda.

Bekkjarvik er eit reiselivsknutepunkt og blir rekna som ein av landets mest attraktive turiststadar. KPA legg til rette for utvikling av området ved å etablere bustadområder tett ved Bekkjarvik sentrum. Det blir også lagt opp til vidare utvikling av Bekkjarvik som reisemål. Det blir lagt til rette for alternativ tilkomst til

Selbjørn skule og bustadsområder på sørsida av Bekkjarvik. Dette vil også kunne tene som alternativ tilkomst til Bekkjarvik dersom eksisterande fylkesveg ikkje kan nyttast ved stormflo eller større arrangement. Det vil også avlaste eksisterande vegnett og gjere at ein klarer å balansere bruken og attraktiviteten på ein god måte. I fortettingsområda blir det lagt opp til betre vilkår for gåande og syklende.

Småskala næring er representert i kommunen og i utvikling. I kommunen er det oppretta fleire verksemder som driv med netthandel og distribusjon. Det same gjeld tradisjonelt fiskeri og landbruk, der det er fleire mindre verksemder innanfor næringa. Reiselivsnæringa er i utvikling fleire stader i kommunen og vil bidra til å styrke Austevoll som reisemål og kan gi auka sysselsetting.

Landbruksnæringa bidreg til å oppretthalde kulturlandskapet og har grasproduksjonsareal kring heile kommunen. Kommunen planen har tatt omsyn til viktige samanhengande produksjonsareal. I tillegg legg ein opp til reine LNFR-område og færre LNFR-spreidd bustad, fritidsbustad- og næringsområde. Det er i stor grad sauehald med tradisjonelle villsau som opprettholder denne næringa. Det er 3 verksemder som har mjølkekvoter med kyr.

Austevoll kommune har svært høg næringsaktivitet. I tiårsperioden 2012 til 2022 har talet på verksemder med faste tilsette, auka frå 210 til 268. I 2022 er det 4 verksemder som har fleire enn 100 tilsette, 40 verksemder har mellom 20 og 99 tilsette, og 224 verksemder har mellom 1 og 19 tilsette. Til saman er det 888 registrerte føretak i kommunen i 2022.

8. Strandsone og sjøareal

I samband med KPA er det gjennomført kartlegging av funksjonell strandsone og det er sett føringar for bruk og aktivitet av strandsona og sjøareal som naturleg har tilknytning til aktivitet og bruk på land.

Det er sett følgjande formål i kommuneplan i strandsona, på land:

Naust

Område som er sett til dette formålet er for mindre bygg i strandsona som blir brukt til lagring av båtar og oppbevaring av båt-, fiske- og fritidsutstyr. Naust ligg som eige formål med forklaring i arealstrategien og føresegnene.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har slått fast at eit naust «kan også brukes til bading, grilling, soling og sosiale aktiviteter i strandsonen. Enkeltvis og sporadiske overnattinger er neppe ulovlig».

Departementet skriv vidare at «Enkeltvis overnattinger kan neppe betraktes som beboelse. Akkurat hvor grensen går for når bruken av et naust må anses som beboelse, vil bero på en skjønnsmessig vurdering hvor antall overnattinger, beboelsens varighet og omstendighetene rundt bruken kan bli vektlagt».

Fellesnaust

Fellesnaust er bygningar der bygningskroppen er delt inn i fleire einingar under same tak. Kvar eining skal nyttast til bruk og oppbevaring av utstyr til fiske og fritidsaktivitet som naturleg tilhøyrer aktivitet på sjø og i strandsona.

Eit fellesnaust skal ha ein felles bygg, med bodar og einingar. Bygget kan ha eit fellesareal for alle brukarar av bygget. Fasilitetar som våtrom og kjøkkenareal kan bli etablert.

Næring

Dette er i hovudsak større områder som er sett av til dette formålet, og inkluderer bygg og anlegg som ligg i strandsona der aktivitet og bruk er direkte knytt til næringa som havbruk, fiskeri, serviceverksemder, reiseliv m.v. Næringsareal kan også bli nytta til lagring. Desse områda er etablert på Salthella, Storebø, Torangsvåg, Husavik, Kolbeinsvik, Møkster, Kolbeinshamn og Bakkasund. I tillegg er det lagt til rette for næring ved Haukanes.

Fritids- og turistformål

Formålet er brukt i mindre område som er tenkt nytta direkte til reiselivsverksemder for utleie. Døme på område er Møkster, Litlakalsøy, Hauglandsvågen og indre del av Torangsvåg.

LNF

Formålet er lagt i store delar av strandlina der det ikkje er bygd ut. Nokre områder har også kjende natur- og friluftslivsverdier. LNF blir nytta som utmarksbeite og til rekreasjonsaktivitetar, i tillegg ligg det kjende landskap med holmar og øyer i dette formålet.

Friområde

Friområde er område til felles bruk som felles badeplasser, mindre tur- og rekreasjonsområde. I KPA er det i hovudsak badeplasser som har ein allment karakter ved at dei er sær populære. Andre områder med same funksjon er sikra gjennom reguleringsplan eller som omsynssone friluftsliv H530. Dette gjeld fleire av dei kommunale område som er sikra og drifta i samarbeid med Bergen og omland friluftsråd (BOF). I

friområda gjeld allmentas rett til ferdsle, opphald og å bruke naturen til matauk som er heimla i friluftsløva. Formålet er lagt på kjende områder som ofte blir nytta til rekreasjon eller friluftsliv. Områda som blir forvalta gjennom BOF er:

- Nordre Navvåg
- Kalsund
- Blænesøya
- Horgo
- Skår
- Krossøy
- Fleskaryggen
- Leirpollen

I tillegg ligg desse områda med formålet:

- Vadholmen
- Eie, Selbjørn
- Grautatoå
- Ryarbåsen
- Nordre Driveneset
- Vassnesvatnet (ferskvatn)
- Vinnesvågvatnet (ferskvatn)

Det er sett følgjande formål i strandsona, i sjø

Friluftsområde

Formålet er sett for å sikre interessene der det er kjent at område har verdiar som varetar desse interessene. I KPA er dette formålet lagt på land:

- Området Skår, Krossøy, Sandtorv
- Øyane aust for Nordre Huftarøy
- Område frå Bakholmen mot Melingen og Følesvågen
- Område i vågane kring Horgo
- Nordre Navvågen og dei nærliggjande vågane
- Kring Litla Lunnøy og austre del av Lunnøy
- Øyene ved Kalve
- Kring holmane ved Fagerbakkevågen
- Område ved badestranda ved Eie, Selbjørn
- Område ved Vadholmen
- Område Kalsund og Blænesøya
- Heimarkspollen med Småstraumane
- Hytrollen og del av Selvågen
- Paraket til Paraketholmen

Småbåtanlegg

Det er lagt inn småbåtanlegg ved alle naustområda i sjø. Dette for å vareta interessene og at det er i samsvar med bruk og aktivitet på land. I område med formål småbåtanlegg er det høve til å legge ut flytebrygger. Det er ønskeleg med fellesanlegg i sjø. Nokre stader er formålet lagt inn ved mindre næringsområde og fritids- og turistformål. Det er gjort ei vurdering av at interessene likevel er sikra fordi det ikkje vil vere behov for å etablere fasilitetar som vil ligge til småbåthamn.

Det vil vere høve til å etablere bølgebrytarar, festeordningar, utriggarar og rørleidningar til ulik nytte innanfor formålet småbåtanlegg.

Småbåthamn

Det er lagt inn småbåthamn ved områder der aktivitet og bruk på land høyrer innanfor formålet. Småbåt formålet brukes der aktivitet på land ikkje har direkte tilknytning til bygg eller anlegg og er av eit offentleg formål for allmenta. Døme på område med formålet er Litlakalsøy, del av hamneområdet på Møkster og Kvalvåg. Her kan det bli etablert serviceanlegg som drivstoffpumper, vatn, kranar, småbåtanlegg og andre tiltak som naturleg er ein del av drifta på land. Formålet er også lagt ved nokre næringsområde for å sikre at dei kan etablere tekniske ordningar som sikrar drifta av verksemda.

Hamn

Det er lagt inn hamneformål ved alle næringsområde som er vurdert som større hamneområder. Aktivitet i sjø er nært knytta til næringsformålet på land. Hamneformålet er også lagt inn i sjøområde for å sikre ferje og snøggbåt. i områda kan det bli etablert kai, bølgebrytarar, flyteanlegg og teknisk infrastruktur som naturleg høyrer innunder formålet som rør, ledningar, lyssetting, fortøyingar, pullert og festeordningar, skilt, kranar m.v. Mellombels lagring i samband med bygging vil ligge innanfor formålet.

Akvakultur

Områder er lagt med formålet for å sikre interesser til verksemdar. Arealet er prioritert til akvakultur i heile vassøyla og på sjøbotnen. Det er sett av nok areal til at heile anlegget kan optimalisere plasseringa og har plass til fortøyingsramme med merdar, fôrflåtar og andre tiltak/anlegg. Dette er gjort i område der djupna er gunstig for etablering for verksemda.

Akvakultur er eit eige formål som er avsett for å sikre interesser for eksisterande og framtidig etableringar. I KPA er områda konkretisert og utvida for å vareta næringsas behov for å trekke lokalitetar ut på djupare vatn. Dette er gjort for å gje rom for gode forhold der straumforholda og oksygenforholda er særskilt gunstige for verksemdene. Det vil også gi høve til å utvikle anlegg med større volum i vassøyla, utan at det krev større areal i vassflata. Samstundes er akvakulturareal fjerna i område som er grunne og lite eigna for formålet. Nokre av desse områda er også kjende rekreasjons- og friluftsområdet.

Det er etablert to nye lokalitetar éin sør for Selbjørn og éin nord for Stolmen. Dei andre områda er utviding av eksisterande område, der det er lokalisert fleire anlegg.

Dei aktuelle areala er:

- Areal som har godkjente lokalitetar.
- Areal avsett til akvakultur i KPA 2013 som er aktuelle å ha med vidare
- Nye enkeltlokalitetar som er spelt inn. Dette gjeld dei områda som kom med vidare etter at konsekvensutgreiinga var utført.

Akvakultur er alle typar oppdrettsanlegg, skjellfarmar, tang- og tarefarmar og liknande. Det er ikkje lagt føringar på kva typar anlegg som kan bli etablert innanfor akvakulturområda. Innanfor avgreinsinga er det høve til å etablere anlegg i overflata, vassøyla og botn. Fortøyingar ligg innanfor området.

Akvakulturanlegg krev konsesjonssøknad etter akvakulturloven. Det er felles fiskeforbod rundt anlegg på 100 m. Tilføringar som ledningar og rør frå land skal bli søkt inn i samband med etablering av tiltaket. Ledningar og rør skal i hovudsak ligge i vassøyla og bli merka på land og i sjø. Så langt som råd bør

lokalisering av akvakulturområde bli etablert i god avstand frå hekkeområde for sjøfugl og kjende fri- og friluftsområde.

Fiskeri

KPA er utarbeidd med innspel frå fiskerinæringa og Fiskeridirektoratet. Det har kome 102 innspel på låssettingsplassar. Dei fleste innspela er varetatt i plankartet og med føresegn for å sikre interessene. Nokre låssettingsplassar er fjerna då dei er i direkte konflikt med annan aktivitet og bruk i sjø og på land. Her er lokalitetane erstatta med nye lokalitetar som ikkje har sama konfliktpotensial. Døme er låssettingsplass ved Indreholmen og i Stangelangsvågen.

Det er viktig at det ikkje vert sett i verk tiltak som kan kome i konflikt med utøving av fiske, inkludert lysfiske, innanfor områda. Det er høve til å feste anlegg i kaier og flytebrygger i områda. Der det er etablert steng er det avstandsrestriksjon på 100 m. Avstanden blir måla frå ei rett linje som blir trekt mellom anleggets/låsets faktiske ytterpunkt i overflata.

Ingen av områda til tråling og aktive/passive fiskeplassar er i heilskap tekne ut av KPA, men nokre har fått ny avgrensing for å sikre andre interesser, som farlei og akvakultur.

Gytefelt

Alle gyteområda frå KPA2013 er vidareført. Gyteområda er viktige marine ressursområde som kan påverkast negativt av tiltak som masseutfylling, mudringsmassar og utslepp. Ved søknad om tiltak som nemnt i førre setning, skal lokale interesser få høve til å gi uttale.

Kombinerte formål i sjø

Planarbeidet har arbeida aktivt for å sette reine og presise formål. Ved hovud- og bifarlei i sjø ligg det kombinert formål. Dette er gjennomført fordi det ikkje er avklart kva krav som ligger for at sjøtrafikken kan ha sikker bruk i farleia. Dette er gjort i område med formål fiske og akvakultur. I desse område har skipstrafikk førsteprioritet. I vassøyla og botnen kan festeanordningar til akvakultur bli etablert dersom det er dokumentert djupne på over 100 m til vassoverflata frå feste.

Landbruk

Kommunen ønskjer å ha eit aktivt og fleksibelt landbruk. KPA legg også til rette for småskala landbruk ved å presisere formåla til reine LNF-areal der det er grovfôrproduksjon, og i KPA er det lagt til rette for større samanhengande LNF-areal. I planarbeidet er det arbeidd for at utbyggingsinteressene og landbruksinteressene ikkje skal vere i konflikt med kvarandre.

I fortettingsområda Storebø, Bekkjarvik og delar Hundvåkøy er eksisterande bygg og anlegg gitt bustadformål. Fulldyrka og overflatedyrka jord som i stor grad blir nytta til grovproduksjon utgjer 2,4 pst. av kommunen sitt totale areal. Innmarksbeite blir i stor grad bruk av villsau, men også til mjølke- og storfeproduksjon, i tillegg til noko hestehald. Dei utgjer 2,6 pst. av totalt areal.

Føresegnene gir også rom for å behalde aktiv drift gjennom at i dei mest gunstige LNF-områda kan bli gitt rom for nydyrking. Aktive bønder skal ha store nok og gode nok areal til framtidig, effektivt landbruk.

Arealklassar frå AR5	Areal (daa)	Pst.
Fulldyrka jord	1 825	1,6
Overflatedyrka jord	950	0,8

Innmarksbeite	3 028	2,6
Produktiv skog	35 941	31,4
Uproduktiv skog	9 763	8,5
Ope myr	8 046	7,0
Open jorddekt fastmark	1 668	1,5
Open skrinn fastmark	46 329	40,5
Bebyggd	4 856	4,2
Samferdsel	1 166	1,0
Snø og isbre	0	0,0
Totalt kartlagt i AR5	113 572	99,4

Intensjonen er at ein skal unngå å bygge ned beitemark og innmarksbeite. Ved konflikt skal det gjerast fagleg vurdering frå lokale mynde før det eventuelt blir gitt byggeløyve.

Skogbruk er for det meste utøvd i Haukanes. KPA legg til rette for dette og fortrinnsvis gjennom plukkhogst slik at ikkje store flater blir høgd ned samstundes. I kommunen har vi hatt mindre flater med sitkagran som blei planta frå 1950-åra som eit skogsbrukstiltak. Sitkagran likte seg godt utvikla seg til små flater. Dei har gitt le for vind og har tørka opp areal ved at rotsystemet held på vatn og bind jorda, men samstundes tar trea over areal som ikkje er aktivt skjøtta. Frå 2015 til 2020 blei det tatt ut mykje sitkagranskog og kommunen er positiv til at slike tiltak blir gjennomført i tida framover.

Småskala landbruk med sauehald er ein viktig kulturlandskapspleier. Det er viktig at dette for for landbruket blir oppretthalde, slik at dei kan fortsette å drifte vårt historiske landbruk der villsauen har spele ein rolle. Austevoll tok eit ansvar for å ta vare på villesaustammen og vi må også fortsette å ha denne rolla.

Kystlyngheiene er blitt halde i hevd gjennom hundreår gjennom tradisjon å svi ved jamne tidsløp. Kystlyngheine på Stolmen er lagt inn som verneområde for å behalde dei, men gjennom aktivt bruk både av sau og ved brenning.

Kystgarden som er halde i hevd og som har ein historisk og tradisjonell tilknytning til bruken av sjøen og landarealet har fått vern gjennom aktivt bruk ved at vi har lagt ein omsynssone for dei. Dette for å sikre at tiltak ikkje er i strid med formålet og at bygga og landskapet blir skjøtta etter historisk kunnskap og erfaring. Spreidd bustad vil ein finne Storekalsøy, delar Hundvåkøy, Haukanes, Husavik, Vik/Uglenes, Selbjørn, Stolmen, Kolbeinsvik og Litlakalsøy og Møkster. Dette er i tråd med arealstrategien og gjer moglegheit til å bu også utanfor fortettingsområda.

I KPA er arealformålet landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift, spesifisert til å ikkje omfatte reindrift.

Vidare er føresegna delt inn i hovudsak etter underformåla i pbl. §11-7 andre avsnitt nr. 5:

- Landbruk, natur og friluftsliv, inklusivt gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gårdens ressursgrunnlag
- LNF spreidd bustadbebyggelse
- LNF spreidd fritidsbebyggelse, og
- LNF spreidd næringsbebyggelse.

Det er spesifisert i retningslinene at alle tiltak innanfor arealformålet er søknadspliktige etter plan- og bygningslova og at tiltak må på uttale til kommunal landbruksmynde og kulturminnemynde. LNF- og LNF-spreidd-formåla er ikkje utbyggingsområde og tiltak krev ei særskilt vurdering av landbruk, jordbruk,

skogbruk, naturvern, jordvern, særlege landskapsomsyn, vern av kulturmiljø eller kulturminne og friluftsområder. Søknad er nødvendig slik at det kan bli innhenta uttale.

Innanfor LNF-formålet er det tillate tiltak i tilknytning til landbruk og gardsdrift, enkle tiltak knytt til eksisterande godkjent bruk og køyreveggar. Landbruksveggar vil vere i tråd med arealformålet. I tillegg er det opna for enkelte tiltak i samband med etablering av teknisk infrastruktur som vatn, avløp, straum og breidband.

Byggegrense for tiltak knytt til gardsdrift, friluftsliv, eksisterande køyreveg, kablar, leidningar og transformatorar kan vere inntil 0 meter frå sjø. Her må det bli gjort ei konkret vurdering i kvar sak av omsynet bak byggeforbodet i strandsona og kva som er nødvendig for formålstenleg landbruksdrift. Tiltak knytt til gardsdrift inkluderar landbruksveg.

LNF – spreidd bustad, fritidsbustad og næringsbebyggelse

Innanfor spreidd-formåla er det i tillegg til tiltak i tråd med LNF-formålet etter §2-19, opna for arealbruk som ikkje er å rekne som ein del av landbruk, natur og friluftsliv. Dette vil vere bustad-, fritidsbustad og næringsbebyggelse.

Som går det går fram av ordlyden skal tiltak som ikkje er i tråd med LNF-formålet vere «spreidd». Dette vil seie at bebyggelse på eigedomar, sett ut i frå ei vurdering av området som heilskap, skal ligge med ei viss avstand til kvarandre. Kor stor avstanden skal vere, må bli vurdert konkret i kvar enkelt sak. Dersom «spreidd»-vilkåret ikkje er oppfylt vil tiltaket kunne reknast for å falle innunder reine utbyggingsformål.

For LNF spreidd bustad og fritidsbustad er det spesifisert kva frittliggjande tiltak som er tillatt i tilknytning til hovudhuset.

Frådelingar eller byggeløyve må ta omsyn til landbruk, natur og friluftsliv, og bør ikkje føre til auka trafikk gjennom gardstun.

Naturmangfald og biologisk mangfald

Det skal utarbeidast kommunedelplan for naturmangfald. Denne må takast omsyn til i seinare rulleringar av KPA. Naturdatabasen og Artsdatabasen er blitt nytta i arbeidet med KPA. Det er ikkje gjennomført landskapsanalyser utover det som er gjennomført i regional regi.

Kystlyngheia er viktig ressurs som beitemark for villsauen. Kystlyngheiene blir med jamne intervall brent, for å gje meir beitbare artar. Kystlyngheiene er kartlagt og verdsett i kategori svært viktig og viktig.

Svært viktig:

I denne kategorien ligg Horgo, Kamsøy, Møkster Nord, Møkster Vest, Kuøya (Møkster), Blomsterhaugen (Litlakalsøy), Fugløy, Ystaneset, Vestre Stolmen, Selbjørn vest, Busesundholmen og Blænes.

Viktig:

Langøy, Kviksholmen; Austre Åkreøya; Risøya, Slåtterøy, Lynghervøy, Buholmen, Lunnøykalven, Lunnøy og Søndre Blænesøy. I tillegg er Troland, Melingen, Storakalsøy Nord, Skår, Hovåsemyra, Sengane og Store Skorpo registeret med viktige kystlyngheiområder.

Skjøtsel skal følge rettleier handlingsplan for kystlynghei. Lokale landbruksmynde skal bli involvert i arbeid med skjøtsel og behandling av søknad om tiltak i desse områda.

Andre naturverdiar som slåtte- og beitemyr, naturbeitemark, hagemark, rik edellauvskog og holer eiker skal ha eit spesielt omsyn i arealplanlegginga. Dette er naturtypar som er registrert som svært viktige artar. Det er få av desse områda igjen. Områda har eit spesielt vern og bør vere urørt. Ingen tiltak bør bli etablert i området som kan endre eller påverke områda.

Kommunen har følgjande statleg sikra område med naturverdiar. Desse er lagt inn i plankart og forskrift legg føringar for å vareta omsynet til naturinteressene.

- H720 3 Langevatnet naturreservat ID: VV00000465
Føremålet med vernet er å ta vare på særleg fine døme på nedbørsmymar og fattige jordvassmyrar ved kysten.
Sikra gjennom verneplan for myr og i forskrift <https://lovdata.no/forskrift/1983-12-16-1984>
- H720 Terneskeret (Austevoll) naturreservat ID: VV00001748
Formålet med fredinga er hekkande sjøfugl
Sikra gjennom verneplan for sjøfugl og i forskrift <https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-280>
- H720 Vestre og Indre Mågabøl, Myrbærholmen og Kvitingen naturreservat ID: VV00001657
Formålet med fredinga er hekkande sjøfugl
Sikra gjennom Verneplan for sjøfugl og i forskrift <https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-280>
- H720 7 Måksteineane naturreservat ID: VV00001658
Formålet med fredinga er hekkande sjøfugl
Sikra gjennom Verneplan for sjøfugl og i forskrift <https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-279>
- H720 Møkstra-Grøningane naturreservat ID: VV00001749
Formålet med fredinga er hekkande sjøfugl
Sikra gjennom Verneplan for sjøfugl og i forskrift <https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-278>
- H720 Kvernavatnet naturreservat ID: VV00001064
Formålet med vernet er å sikre eit område med naturleg furuskog ved kysten, med god variasjon langs ein høgdegradient.
Sikra gjennom plan for Skogvern og i forskrift <https://lovdata.no/forskrift/1999-12-17-1429>
- H720 Hjartholmen Naturreservat ID: VV00001747
Formålet med fredinga er hekkande sjøfugl
Sikra gjennom verneplan for sjøfugl og <https://lovdata.no/forskrift/1987-04-03-281>
- H720 1Steinevik naturreservat ID: VV00000945
Føremålet med fredinga er å ta vare på eit myr- og lyngheilandskap som er typisk for dei ytste kyststroka i fylket.
Sikra gjennom verneplan for myr og i forskrift <https://lovdata.no/forskrift/1983-12-16-1983>

Offentleg eller privat tenesteyting

I KPA ligg areal til offentleg og privat tenesteyting.

Dei offentlege tenesteytingane følgjer eksisterande struktur for kommunale og andre offentlege tenestre. På Storebø ligg kommunehuset, helsehuset og pleie- og omsorgsenteret m.v.. I Bekkjarvik og på Eidsbøen ligg det nokre få einingar, blant anna som er knytt til omsorgsbustadar og miljøarbeidartenesta.

I dag er det tre barneskular i kommunen, på Storebø, ved Bekkjarvik og i Kolbeinsvik, og ein ungdomsskule på Eidsbøen. Vestland fylkeskommune har vidaregåande skule og fagskule på Sauganaset. Ved Austevoll ungdomsskule ligg den fylkeskommunale tannlegetenesta. I butikkssenteret i Bekkjarvik ligg folkebiblioteket. Tenesteyting som ligg på Storebø og i Bekkjarvik er sikre i detaljreguleringsplan eller gjennom sentrumsformålet. Det gjeld også i Kolbeinsvik og på Stolmen.

Det er fem kyrkjer i kommunen. Austevoll kyrkje og Bekkjarvik kyrkje er regulert i reguleringsplanar. Dei andre tre andre kyrkjene er i KPA omfatta av formålet offentleg tenesteyting.

Områda i planen som er blitt lagt med dette formålet er knytt til Austevoll ungdomskule, arealet ved gamle Vinnes skule, Hundvåkøy samfunnshus, og ambulansestasjonen på Storholmen.

Grav og urnelund

Områda med dette formålet er lagt for å sikre areal for tenesta og er offentlege. Grav- og urnelunder er kyrkjegarder, offentlige gravplassar og minnelunder som går innunder gravferdslova.

Det vil vere høve til å etablere anlegg som minnelund der det er mest eigna. Kring grav- og unnelundar bør det bli etablert ei randzone i form at grøntareal eller LNF-område slika at nærliggjande bygg og anlegg ikkje kjem i konflikt.

Det skal vere høve til å etablere parkeringsplassar, bygg og anlegg i nærleiken. Lyssettinga av områda skal bli gjennomført på ein god og estetiske måte og ikkje vere skjemmaende får naboar. Det er moglegheit til å etablere sitteplassar/benker. Tre og annan vegetasjon skal bli planta på god estetisk og tiltalende måte. Interne gangvegar i områda skal vere universelt utforma. Det skal vere tilgang til vatn. Nabobygg skal ta omsyn til området i si utforming.

Idrettsanlegg

KPA avset idrettsanlegg som eige arealformål. Innanfor formålet kan det bli etablert alle formar for idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Det er viktig at desse anlegg får ei utforming som stimulerer til aktivt bruk gjennom heile året og legg til rette for fleire idrettsformar og sambruk.

Tilkomst til områda er viktig og gjer at fleire brukargrupper får tilgang til idrettsanlegga. Vurdering av parkeringsplassar og tilkomst må bli tatt høgde for i prosjektering og gjennomføring. I Bekkjarvik varetar sentrumsformålet bruken av idrettsanlegget ved Selbjørn skule i likskap med i Kolbeinsvik .

Formålet ligg ved:

- Hundvåkøy idrettsanlegg
- Austevoll idrettsanlegg
- Skytebane ved Naustheller.

Vassdrag

Kommunen har kartlagt bekker og vassdrag i 2018. Funn i kartlegginga var at små bekkar i bustad- og næringsområde ved store mengder nedbør over kort tid kan få opphoping av vann og eller endra løp. Det er behov for å sikre og gjere vurderingar som tek omsyn til dette slik at bygg og anlegg ikkje vert råka. Spesielt viktig er det å reinske opp vassdraga og sikre fritt tilløp heilt til sjø , slik at det ikkje blir opphoping og at kulvertar og rør er dimensjonerte for overvatn og styrtnedbør.

Radonfare


I kommunen er det kartlagt radonfare. Råda frå Statens strålevern «anbefaler at det igangsettes tiltak dersom radonkonsentrasjonen i inneluften overstiger 100 Bq/m³».

Vi rår til å bruke rettleiingsmateriale Radon i arealplanlegging og tek 17 §7.

9. Folketalsframskrivingar

Folketalsutviklinga i kommunen samla sett


Ved kommunesamanslåinga i 1964 hadde Austevoll kommune 4.055 innbyggjarar. Fram til 1980 fall folketalet i 10 av dei 16 påfølgjande åra. Først i løpet av 1983, 19 år etter kommunesamanslåinga, passerte folketalet igjen 4.055 innbyggjarar.



Kjelde: SSB, tabell 06913

I løpet av 1980 auka folketalet med 264 personar og i 1990 hadde Austevoll 4.400 innbyggjarar. Veksten på 1980-talet var knappe 50 prosent høgare enn 1990-talet og først overgått av den betydelege auken på 2010-talet. 2010, 2011, 2012 og 2016 er dei einaste åra der folketalet i Austevoll auka med meir enn 100 personar årleg. Dei siste fem åra har den gjennomsnittlege folketalsauken lege på i overkant av 30 personar.

I 2021 hadde Austevoll kommune 5.276 innbyggjarar, ein auke på 596 personar på 10 år.



Kjelde: SSB, tabell 06913

Folketalsutviklinga i grunnkrinsane


Austevoll kommune er inndelt i 12 grunnkrinsar, for det meste éin krins for kvar øy, men med unntak for Huftarøy og Selbjørn. Stolmen omfattar også Hevrøy. Inndelinga på Huftarøy og Selbjørn er slik:

Huftarøy:

- Nordre Huftarøy (omfattar også Eido)
- Austre Huftarøy (omfattar mellom anna Kolbeinshamn, Haukanes og Bratten)
- Søre Huftarøy (omfattar mellom anna Husavik, Vinnes, Vik og Solesvik)
- Vestre Huftarøy (omfattar mellom anna Vassnes, Kolbeinsvik, Heimark, Rostøy og Drøno)


Selbjørn:

- Nordre Selbjørn (grense ved Fagerbakke, omfattar også Lunnøy)
- Søre Selbjørn (grense ved Fagerbakke, omfattar Nordre og Søre Drivenes Bekkjarvik og sørvestre Selbjørn)




Kjelde: SSB (kart.ssb.no)

Folketalet i grunnkrinsane baserer seg på tal frå 2019. I 2019 var det samla innbyggjartalet i Austevoll 5.192. Innbyggjarane fordelte seg slik på dei enkelte grunnkrinsane:




Kjelde: SSB, tabell 04317.

I 20-årsperioden frå 1999 til 2019 har folketalet auka i 9 av 12 krinsar.



Folketalet auka mest på Nordre Huftarøy. Av ein samla vekst på 920 personar har 60 prosent av folkeauken, 558 personar, kome på Nordre Huftarøy og andelen personar busett i krinsen har auka frå 30 til 36 prosent.




Hundvåkøy har vekse nest mest i folketal, ein auke frå 1999 til 2019 på 183 innbyggjarar, tilsvarande 36,1 prosent. Søre Selbjørn har hatt den tredje høgaste folketaletauken med 125 innbyggjarar, tilsvarande 27,5 prosent. Storekalsøy er krinsen som etter Nordre Huftarøy har hatt den høgaste relative veksten. På 20 år har folketalet auka med 42,7 prosent. Storekalsøy har gått forbi Stolmen i folketal og er i dag kommunes fjerde mest folkerike øy. Stolmen, Møkster og Litlakalsøy har i same 20-årsperiode hatt ein nedgang i folketalet.

Grunnkrins	1999	2019	Endring	Endring i %
Storekalsøy	143	204	+ 61	+ 42,7
Møkster	65	47	- 18	- 27,7
Litlakalsøy	28	15	-13	- 46,4
Stolmen og Hevrøy	216	175	-41	- 19,9
Nordre Selbjørn og Lunnøy	476	480	4	+ 0,8
Søre Selbjørn	454	579	125	+ 27,5

Vinnes	390	424	34	+ 8,7
Vestre Huftarøy	480	492	12	+ 2,5
Austre Huftarøy	217	232	15	+ 6,9
Nordre Huftarøy	1296	1854	558	+ 43,1
Hundvåkøy	507	690	183	+ 36,1

Folketalsframskrivingar for kommunen samla sett




Vestland fylkeskommune opererer med fire framskrivingsmoglegheiter: Hovudalternativ, høgscenario, lågscenario og null-innvandringsscenario. I tabellen er folketalsframskrivinga frå Vestland fylkeskommune justert for faktisk folketal i 2020.


Med unntak av lågscenario er det venta at folketalsauken i Austevoll kommune vil halde fram. Hovudalternativet legg opp til ein folkevekst i perioden 2020 til 2040 på 833 personar. I høgscenario er folketalet venta å auke med 1.983 personar. I lågscenario vil folketalet falle med 162 personar, og i null-innvandringsscenario vil folketalet auke med 539 personar.

Folketalsframskrivingar for grunnkrinsane

Alternativ A: Dersom ein tar utgangspunkt i andelen busette i kvar grunnkrins i 2019 og fordeler veksten i hovudalternativet basert på dette, vil folketalet i 2040 ha auka slik:



Alternativ B: Legg ein til grunn at folketalsutviklinga som har vore mellom 1999 og 2019 vil halde fram uendra, og fordeler folketalsframskriving i hovudalternativet, vil folketalet i 2040 ha auka slik:



Fordi den årlege folketalsutviklinga i dei fleste krinsane er forholdsvis liten, er det vanskeleg å bruke kortare tidsperiodar for å vurdere trendar.

Med ny kommuneplan og satsing på robuste bygder er formålet med planen å gjere det lettare og meir attraktivt å busette seg i bygdesenter i heile kommunen. Målsettinga er dermed å snu den negative folketalsutviklinga.